

Kystverket seier ja til utvida Skorpo-anlegg



Formannskapet vedtok i februar med ordførar Berges dobbeltrøyst at det skal gjerast ein analyse av ringverknadene av havbruksnæringa før det blir teke stilling til Sjøtroll-prosjektet. Det har ikkje høgare styresmakter gått med på. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kystverket har no gjeve løyve til plassering av det justerte oppdrettsanlegget til Sjøtroll Havbruk utanfor Skorpo, men det er Fiskeridirektoratet som har den endelege avgjerd. Eit anlegg lenger inne i fjorden skal leggjast ned og produksjonsvolumet ved Skorpo aukast frå 1.560 til 3.120 tonn biomasse. Anlegget skal samstundes trekkjast lenger ut frå land.

I februar vedtok formannskapet med ordførarens dobbeltrøyst utsetjing av saka i påvente av at det skal lagast ein analyse av ringverknadene av havbruksnæringa i kommunen.

Men det har ikkje høgare styresmakter teke omsyn til.

Kystverket har den merknad at dette arbeidet ikkje har starta enno og at resultatet av det vil liggja langt fram i tid.

Fiskeridirektoratet peikar i denne samanhengen på forvaltningslova, som krev at saker skal behandlast utan unødig opphald. Difor er saka sendt vidare for behandling mellom anna i Kystverket etter hamne- og farvannslova.


Kystverket peikar på at justering og utviding av anlegget inneber at det blir flytta nærare skipsleden i Hardangerfjorden, men ikkje så nær at det vil utgjera nokon vesentleg ulempe for trafikken ut og inn fjorden. Ytterpunktet av anlegget vil liggja 100 meter frå kvit sektor til Skorpen lykt. Frå land er det 460 meter til anleggets nordvestre punkt og 270 meter til det sørvestre punktet.

Ved ein lokalisering av anlegg så nær opp til ein viktig skipsled og med forholdsvis god avstand mellom anlegget og land er det viktig med merking av anlegget. Dette ut i frå ferdsel- og tryggleiksmessige omsyn til trafikk i hovudleden og eventuell småbåttrafikk mellom anlegget og land.

Vedtaket i Kystverket er gjort på ei rekkje vilkår. Eit av vilkåra er at det blir nytta gule bøyer som dagmerker og at det i mørketida blir flomljøs eller påmontert blinkande gule ljøs i ytterpunktene og midt på langsiden (eventuelt utlagte bøyer) samt på flåten. Flomljøset må innrettast slik at det ikkje verkar blendande på dei sjøfarande.

Vedtaket i Kystverket blir no sendt Fiskeridirektoratet som grunnlag for deira samla vedtak. Dei andre som skal uttale seg før direktoratet tek ei avgjerd er fylkesmannen og Mattilsynet.

Av Ola Matti Mathisen



Sjøtroll Havbruk vil truleg få grønt ljøs for flytta og utvida oppdrettsanlegg utanfor Skorpo. Denne kartskissa syner noverande og framtidig plassering.